



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/8700 - 21/72594

Saksbehandlar:

Jan Roald Wolff Treni

jan.roald.wolff.treni@alver.kommune.no

Dato:

02.11.2021

Vedkomande Plan 1263-200910, Skinstø - Oversending av teknisk plan for godkjenning - gbnr 116/62 Lauvvås

Vi har hatt ein gjennomgang av innsendt teknisk plan for Skinstø, og har følgjande kommentarar til den.

Vatn

- Vassleidning skal vere 180mm PE sdr 11, ikkje 160 PE, som da visast til i plan. Ein må då også auke dim. Varerør under Fv. 57.
- Sluseventilar i kummar skal monterast med nøkkeltoppar iht. VA-norm.
- VK3 – Leidningen som VK3 skal til koplast er luftinga til forsyningsleidningen til Mongstad. Tilkoplinga det visast til i plan er ikkje hensiktsmessig. Då må ein stengje forsyningsleidninga til Mongstad.
Det beste alternativet vil vere å stengje ventil i eks. kum å etablera VK3 på sørsida, for så å kople seg inn etter stengt ventil. Stikkeleidningar og lufting i eks. kum, må etablerast i VK3.
- VK5 – Ein må forsikra seg om at denne vert mogleg å drenera. Dersom ikkje grunnen tek unna, må da vurderast andre løysingar.

Avløyp

- Hovudstrekke for avløp frå sjø til VK2 vert overteke av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald. Etter vass- og avløpsanleggslova § 1 skal alle nye avløpsanlegg som ikkje er «mindre vass- og avløpsanlegg» (under 50 pe, jf. merknaden til § 1 tredje ledd i forarbeidene) være eid av kommuner. SK2 – SK12 vert privateigd.
- Reinseanlegget skal tilretteleggjast for prøvetaking før og etter anlegget.
- Minste dim. for kommunale avløpskummar er 600mm iht. VA-norm.

Felles VVAO

- I enkelte teikningar står det at grøfter skal byggast iht VA-miljøblad nr. 5 samt Stord kommunes VA-norm. Dette anlegget skal byggast iht. Lindås/Alver kommune sin VA-norm.
- Før det vert etablert leidningsnett på andre grunneigare, må desse dokumenterast med ein tinglyst grunneigaravtale. Gjeld gbnr. 116/1, 116/7, 116/68, 116/62, 116/59 og 116/64.
- Teikningsliste Skinstø, samsvarar ikkje med innsendte teikningar og må oppdaterast.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

- Da er fleire teikningar av grøftesnitt som ikkje samsvarar med plan. Desse må fjernast.

For Fv. 5496 og Fv. 57 der det vert graving langs eller under fylkesvegen. Er tiltaket søknadspliktig etter veglova, og det må søkjast om grave-og framføringsløyve for leidningar og etablering av borehull. Det må utarbeidast ein gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune. Før arbeidet vert utført.

Sluttdokumentasjon for kommunale VA-leidningar – Spesielt for:

- Vatn – Pluggkøyring, trykktesting, desinfisering og godkjente vassprøver. Skal utførast av eit tredjepartsforetak.
- Avløp – Trykkprøving, spyling og video med rapport av sjølvfallsleidning. Skal utførast av eit tredjepartsforetak.
- Spyling og reingjering av leidningar/kummar og lokk skal gjerast etter at fast dekke er etablert.
- Elles er dei andre krava til sluttdokumentasjon i VA-norm framleis gjeldande.

Sluttdokumentasjon skal være innsendt og godkjent av Alver kommune minst tre veke før ein evt. synfaring for overtaking av vass og avløpsanlegget.

Før ein kan søkja midlertidig bruksløyve og ferdigattest. Skal komplett sluttdokumentasjon og rekkjefølgjekrav være godkjent av Alver kommune og Vestland fylkeskommune.

Veg

Vedlagt følgjer uttale frå vegavdelinga i samband med godkjenning av teknisk plan kor det og ligg profildeikningar for veg.

I vilkåra til planen står følgjande:

§2.3 Dokumentasjon til byggjesøknaden

2.3.1: Ved innsending av rammesøknaden skal det leggast ved teikningar av plan, snitt og fasadar, profiler og situasjonsplan i målesokk 1:500. **Der skal det gjerast greie for avkjørsler**, plassering av garasje, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, forhold til nabobygg, murer, trapper, gjerder og ute opphaldsareal.

Finn ikkje dokumentasjon og profildeikning for avkøyrsla mot fylkesvegen. Denne bør sendast inn før godkjenning slik at det vert vist at avkøyrsla mot offentleg veg kan byggast i samsvar med krava i vegnormalane (N100).

Avkøyrslene internt i planen er vist med piler i reguleringskartet. Sjølv om vegane er privat og ikkje skal takast over til offentleg drift og vedlikehald, bør avkøyrslar internt i feltet følgje same krav som mot offentleg veg av omsyn til trafikksikkerheita, mtp siktforhold spesielt. Usikker på kva som er tenkt i forhold til utbygging av tomtene, om det vert søkt byggeløyve pr. tomt eller om det vert rammeløyve for heile feltet? Føresegnene viser til rammesøknad.

Det bør vere ein plan for handtering av overvatn slik at det ikkje vert problem frå privat felles veg og inn på tomtene. Veg 1, veg 2 og veg 3 bør ha grøfter og eller eit system for handtering av overvatn slik at dei som kjøper tomter ikkje får problem i etterkant. Det bør og visast i VA-kart at det er plan for stikkrenne under veg 3 som skal vere køyreveg.

Det er sendt inn lengdeprofil for VEG 1000 (VEG 1) i reguleringskartet, lengdeprofil -C1.

På denne planen er det fall **mot** fylkesveg Risasjøvegen på 6,14%. Fallet dei første 2 m skal vere 2,5% **frå** fylkesvegen. Vegen har i tillegg ei stigning som er i grenseland med kommuneplanens maks på 1:8, 12,5% like etter avkøyrsla.

Dette vil kunne føre til stor avrenning i eit område kor det i dag allereie er store problem i krysset mot fylkesveg 57, særleg når det fryr på. Dette bør utbyggjar sjå nærmare på og

avklare med Vestland fylkeskommune om godkjenning av handtering av overvatn ned mot og i krysset ved Risasjøvegen.

I forhold til overvatn langs Veg 1 kor topp veg ligg på $H=44,63\text{m}$ og fylkesvegen på $H=30,57\text{m}$, vil det ved mykje nedbør være høg avrenning langs vege. Usikker på om dei sandfang som er prosjektert inn er nok til å halde vatn unna Risasjøvegen. Skulle gjerne vore berekna i forhold til fall på veg og mottak av vatn.

Frå N100:

Vertikalgeometri

KRAV 4.68 **SKAL**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

Avkjørsler med $\text{ÅDT} > 50$, eller med en stor andel lastebiler og vogntog, og ÅDT på primærvegen $< 2\,000$, skal utformes med samme krav til vertikalgeometri som kryss, gitt i kapittel [4.1.1.1](#).


Andre avkjørsler skal utformes som gitt under.

KRAV 4.69 **SKAL**

GJELDENDE FRA 22.06.2021

På de første 2 m fra vegkanten, skal avkjørselen ha et jevnt fall fra vegkant på 2,5 %. Vertikalkurve med radius ≥ 40 m (lavbrekk) eller ≥ 60 meter (høybrekk) benyttes som overgang til avkjørselens videre forløp. På de nærmeste 50 m fra vege skal avkjørselen ha fall eller stigning på maksimalt 1:8 (12,5 %).

 Figur 4.26 — Krav til vertikal linjeføring i avkjørsler (mål i m).




I føresegnene til planen er det berre vegbreidde som er omtala. Med tanke på utforming og oppbygging av veg, er det viktig at det ved søknad om rammeløyve vert vist til oppbygging og utforming av køyrevegane i feltet.

Ein veg skal generelt byggast opp slik teikninga under viser. Mål og materialvalg bør være i samsvar med handbøkne ut frå køyrevegens vegklasse.



Vegoppbygging



N200 har krav til oppbygging av ein veg, mtp. bæring, forsterkning, drenering, dekkelegging etc.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Jan Roald Wolff Treni
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Lise Molvik
Plan og byggesak
Vestland fylkeskommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Byggadministrasjon Harald
Bjørndal AS

Postboks 103

5649

EIKELANDSOSEN

